

Referat frå foreldremøte 2.3.2015

For 6. og 7. klasseforeldra

Sak 1: Leirskulen

Me gjekk igjennom skriv frå leirskulen med dagsoppsett, mål, ordensreglar m.m. (sjå eige skriv som er sendt heim).

Det er høve til at foreldra kan arrangere tur i Bavallen for kveldskøyring onsdag kveld. Foreldra konkluderte med at dette vart mykje tid og organisering for få timar i trekk, og vel difor å ikkje å arrangere dette.

Foreldra ynskjer at lærar skal oppbevare mobiltelefonane, og at elevane får desse ein time om kvelden og kan ringe/ sende melding. Kommunikasjon med heimen erstattar ikkje kommunikasjon med lærar. Det er viktig at både elevar og foreldre tek kontakt om det er noko. Lærar er tilgjengeleg på telefon. Det vart reflektert rundt det gode høvet leirskulen gjev til å vere sosiale med kvarandre og med Skodvinelevane. Elevane planlegg sosiale aktivitetar og tek med enkelte spel.

Elevane får 50,- måndag- torsdag som lommepengar. Dette går av opptente SFO-pengar for 7. klasse, og som eit lån av kommande SFO-inntekter for 6. klasse.

Eventuelt:

7. klasseavslutning 16.06.15

6. klasseforeldra har ansvar for mat, tillaging og opprydding. Nina på kontoret har ein perm med rutinane rundt dette. Sidan det er så få elevar i 6. klasse, kan klassekontakt ta kontakt med klassekontakt for 5. klasse og avtale ei ordning med at nokon derifrå hjelper til no (i staden for neste år).

7. klasseforeldra med Bente F. og Linda i spissen, førebur sjølvdikta song til elevane på avslutninga før sommaren.

Foreldra ynskjer at filmar og bilete frå skulegongen vert vist. Mellom andre filmar frå norsk i år og reklamefilmfrå i fjor. Dersom foreldra har bilete frå tida her ved skulen, kan dei sende dei på e-post til Janne Kari så set ho saman ein presentasjon.

For 7. klasseforeldra

Sak 2: Skuleovernatting

Elevane ynskjer skuleovernatting. Av praktiske årsaker fekk me det ikkje til før jul, men me har satt ny dato til fredag 17.04.15.

Anita har snakka med brannvesenet og gjev beskjed om tidspunkt, kva rom som vert i bruk (kjellaretasjen). Me brukar ikkje levande lys. Janne Kari gjev beskjed vidare slik at varmen vert ståande på.

Elevane, saman med Janne Kari, planlegg mat, innkjøp og noko opplegg (leikar, quiz, spel?) i forkant.

Program:

Kl. 18-21: Elevane lagar mat og et. Leikar og aktivitetar.

Vaksen: Janne Kari.

Kl. 21- 24: 50-leik (Renate)? Film (Anita tek med)? Grauten til frukost neste dag vert kokt opp.

Vaksne: Anita og Renate

Kl. 24 – 8: Tidspunkt for ro: kl. 24.00

Vaksne: Sølve og Terje

Kl. 8- 10: Frukost: Graut

Vaksne: Kristin og Anne

Anita og Sølve tek kontakt med Nils om kva ein gjer om brannalarmen går. Sølve instruerer Kristin/ Anne før han går om morgonen.

Anita kjøper inn grautris, mikropop og litt snop. Janne Kari sjekkar om det er mjølk som har blitt til overs på skulen som me kan bruke i grauten. Gjev eventuelt beskjed til Anita om det trengs meir. Innkjøp blir tatt av klassekassen.

Foreldra ynskjer ein skal ha ei ny innsamling til klassekassen og ber lærar skrive på planen at alle tek med seg 100 kr i ein konvolutt med namn på. Dersom kassen ikkje er tom ved skuleslutt, får ein tilbakebetalt pengane.

Eventuelt:

Det vart reflektert rundt språkfag på ungdomsskulen og behov for praktiske fag slik at elevane ikkje vart så skuleleie.

Lærar informerte om at elevrådet har snakka om dette å ha organiserte aktivitetar i matfriminuttet nokre dagar i veka. Lærarane har fått informasjon om «Trivselsleiar» opplegget med valde å ikkje gå inn på dette. Me ynskjer heller å organisere dette sjølv, på vår måte her på ein liten skule. Elevane i 7. byrjar som aktivitetsleiarar i veka før leirskulen. Dei har ansvar for å setje opp plakat,

planlegge og gjennomføre aktivitetar og rydde opp. Før sommaren gjer me noko kjekt ilag, som ein takk for innsatsen.

Ref. Janne Kari Gjerde Eknes

